

Strategi 2025 – 2028, Sogn og Fjordane helsefellesskap

1 Innleiing

Sogn og Fjordane helsefellesskap vart etablert i 2021 og bygger sin struktur på [avtalen mellom Regjeringa og KS om vidareutvikling av helsefellesskapa for ei meir heilskapleg helse- og omsorgsteneste](#), samt dei føringane som ligg i [Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027](#) (NHSP). Helsefellesskapa er i NHSP peika på som ein viktig arena for å jobbe vidare med optimalisering av oppgåvedeling og samarbeid mellom den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta.

Sogn og Fjordane helsefellesskap skal i perioden 2025 – 2028 halde fram arbeidet med å utvikle samarbeidsarenaer på alle nivå, styrke brukarmedverknaden og styrke samarbeidet gjennom vidareutvikling av avtalestrukturen.

2 Innsatsområde

Felles planlegging

Felles verkelegheitsforståing er ein viktig føresetnad for å planlegge og utvikle tenester i fellesskap. Kommunane og helseføretaket har difor behov for styringsdata, analysar og framskrivingsverktøy som grunnlag for felles planlegging av den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta.

Hovudmålsetjinga med strategien er i fellesskap å prioritere innsatsområde der det skal setjast i verk tiltak for å betre tenestene til brukarane i åra framover. Dette skal konkretiserast i ein handlingsplan som skal evaluerast og reviderast kvart andre år.

I komande periode skal Sogn og Fjordane helsefellesskap følgje opp kunnskapen utviklingsarbeidet gir og dei føringar som blir lagt gjennom nettverkssamlinga med mål om å styrkje den felles planlegginga.

Følgjande område skal prioriterast:

- Involvere kvarandre i overordna planarbeid som vedkjem den andre.
- Halde fram med avtaleutvalet sitt arbeid med revisjon av avtaleporteføljen.

Vedtatt i strategisk samarbeidsutval Sogn og Fjordane helsefellesskap, 24.02.2025

- Sikre god kjennskap til gjeldande avtalar hos partnarane sjølve.
- Beredskapsplanarbeid og -samarbeid med utgangspunkt i revisjon delavtale beredskap.

Rekruttering og kompetanse

Helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane opplever utfordringar med omsyn til rekruttering av helsepersonell, og å behalde kritisk kompetanse. Framskrivingane med færre yrkesaktive og fleire med behov for helse- og omsorgstenester er ei utfordring som har stort fokus nasjonalt.

Gjennom utviklingsarbeidet får partnarane god innsikt i korleis situasjonen knytt til rekruttering og kompetanse er, og ein skal i fellesskap einast om tiltak for å sikre våre regionar tilgang til naudsynt kompetanse utan å konkurrere med kvarandre om det same personellet.

Følgjande område skal prioriterast:

- Arbeid med sikring av rekruttering og stabilisering av kritisk kompetanse.
- Følgje opp utviklingsarbeidet og sikre at rekruttering av helsepersonell og strategisk arbeid med å behalde kritisk kompetanse vert sett i samanheng med felles planlegging mellom tenestenivåa.

Prioriterte pasientgrupper

Helsefellesskapa har prioritert felles planlegging og tenesteutvikling kring dei pasientgruppene der behovet for samhandling er størst. NHSP vidarefører prioriteten, og legg til kvinner gjennom svangerskap, fødsel og barseltid som den femte prioriterte gruppa. Sogn og Fjordane helsefellesskap vil i komande periode prioritere følgjande:

- barn og unge
- personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem
- eldre med skrøpelegheit
- personar med fleire kroniske lidningar
- kvinner gjennom svangerskap, fødsel og barseltid

Barn og unge

Målsettinga i NHSP er at born og unge med langvarige og samansette behov for helsehjelp, og deira familiar, skal kunne leve så normale liv som mogleg. Behovet for slik helsehjelp kan mellom anna skuldast medfødde tilstandar, funksjonsnedsetjingar, psykiske lidningar eller andre store helseutfordringar.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap skal vi satse på utviklingsarbeid som bidreg til større grad av integrerte tenester for pasientane med særleg fokus på å hindre svikt i overgangane mellom tenestenivå. Vi vil også satse på å sikre likeverdigheit og redusere uønskt variasjon i tilbodet.

Vi vil prioritere pilotering og eventuell breidding av prosjektet integrerte helsetenester for barn og unge i Nordfjord. Vi vil også legge til rette for møteplassar for fagfolk, eksempelvis i form av fagnettverk for barn som pårørende.

Personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem

NHSP viser til at det er relativt få menneske som blir råka av alvorlege psykiske lidingar, men at dei som vert råka ofte utviklar lidingane tidleg. Innverknaden på liv og funksjon varierer både mellom personar og gjennom livet, men nokon opplever langvarig funksjonsnedsetjing. Personar med alvorleg psykisk lidning har auka risiko for somatisk sjukdom og rusmiddelproblem, og har betydeleg kortare forventet levetid enn den befolkninga elles.

Menneske som lever med alvorlege psykiske lidingar har ofte redusert funksjonsnivå og med det vanskar med å nytte seg av ordinære tenester. Mange har og omfattande rusproblem og somatiske utfordringar som fører til behov for tenester frå mange instansar i kommunen og frå spesialisthelsetenesta, og det stiller krav til samanheng i tenestene.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap skal vi satse på tverrfagleg samarbeid, teamtenking og legge til rette for møteplassar for fagfolk på tvers av sektorar og nivå. Vi vil både vidareføre satsinga på til dømes ACT-/FACT-team og etablere samarbeidsarenaer for fagfolk som arbeider i tenestene.

Eldre med skrøpelegheit

NHSP viser til undersøkingar frå 2021 som viser at 31% av aldersgruppa 75 år og eldre lever med skrøpelegheit. Dette er ei pasientgruppe med stort behov for tenester, og dei som lever med skrøpelegheit skil seg frå andre pasientar i same aldersgruppe ved at ein høgare del av døgnopphald er øyeblikkeleg hjelp-innleggingar, delen reinnleggingar er høgare, opphaldstid i sjukehus er lenger, og at dei har fleire liggedøgn som utskrivingsklare pasientar.

Betre samarbeid om førebygging av sjukdomsforverring og ein forbetra utskrivingsprosess vil kunne føre til færre uønskete innleggingar, meir effektiv ressursbruk og betra pasientforløp.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap skal vi vidareutvikle [*Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg*](#). I tillegg skal vi prioritere arbeidet med felles funksjonskartleggingsverktøy for å bidra til betra samhandling kring desse pasientane.

Personar med fleire kroniske lidingar

Personar med fleire kroniske lidingar er ei stor og samansett gruppe med ulike behov for tenester og koordinering. Personar med fleire kroniske lidingar kan oppleve ei fragmentert helse- og omsorgsteneste der dei sjølv eller pårørende ender opp som koordinatarar.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap skal vi vidareutvikle fagnettverket [*Møteplassen for koordinerende einingar*](#) for å bidra til meir samanheng i tenestene for dei som opplever eit fragmentert helsevesen.

Kvinner gjennom svangerskap, fødsel og barseltid

Kvinner gjennom svangerskap, fødsel og barseltid er ei gruppe som er avhengig av eit godt samarbeid på tvers av kommunar og sjukehus, og det kan vere eit særleg behov for samarbeid om kompetanse og personell. Målsetjinga er at kvinner og deira familiar skal kjenne seg trygge på at dei får god behandling og oppfølging gjennom forløpet, uavhengig av kvar dei bur. Å prioritere denne gruppa er også eit viktig tiltak for å følge opp [*tilrådingane til Kvinnehelseutvalet*](#).

I Sogn og Fjordane helsefellesskap vil vi gjennom utviklingsarbeidet vurdere samarbeid om stillingar på tvers mellom kommunar og helseføretak. Vidare vil vi vidareutvikle samarbeidet om God start-einingane, og vi vil vurdere behovet for å legge til rette for ein møtearena for fagfolk som jobbar med denne gruppa.